

Austebygd barnehage
Slettevegen 872
5939 Sletta

Sletta, den 02.09.15

INNKALLING TIL FORELDRERÅDSMØTE I AUSTEBYGD BARNEHAGE

Alle foreldre/føresette i barnehagen vert med dette kalla inn til foreldrerådsmøte

Tid: Torsdag 10. september kl.18.00

Stad: I Austebygd barnehage

Sak 1. Velkommen - generell informasjon (Sjå også vedlagde skriv)
- litt om kvardagen i barnehagen

Sak 2. Foreldreundersøkinga i 14/15 – tilbakemelding om resultat her.

Sak 3. Tema i den lokale årsplanen. (*Innspel frå foreldra på dette.*)

Sak 4: Parkering, m.m.

Sak 5. Val av FAU for bhg-året 15/16 (leiar, nestleiar og 2 vara-repr.)

FAU i 14/15 var : **Leiar:** Linn Stevnebø **Vara:** Ingunn Straume
Nestleiar: Robert Soltveit **Vara:** Nina Kallekleiv Straume

Sak 6. Eventuelt andre saker.

VEL MØTT !

Torunn Tolleshaug Hovden
styrar

Ber om at **ALLE** leverer påmeldingsslippen innan tirsdag 8.september

- Eg/me kjem på møtet i barnehagen **torsdag 10.september**
- Eg/me kjem ikkje på foreldrerådsmøtet





Austebrygd barnehage,
5939 Sletta

2. september 2015

Til heimane i barnehagen.

Informasjon om organisering og ansvarsfordeling av ulike oppgåver i barnehagen, m.m.

Styrar (*Torunn Tolleshaug Hovden*) har det overordna ansvaret for barnehagen og personalet. Ho tek seg av alle formelle saker som søknader, ulike endringar i tilbodet, oppseiningar, ansvar for at det vert laga årsplan for barnehagen, osv.

Styrar- / rektorkontoret er i skulebygningen, foreldra er velkomne inn om det er saker de vil snakka med styraren om.

Inspektør (*Vigdis Villanger*) og styrar deler på arbeidet med dei administrative arbeidsoppgåvene i barnehagen.

Pedagogisk leiar (*Ann Veronika Kaland*) har ansvaret for det daglege opplegget i barnehagen i lag med dei andre tilsette. Etter innspel og samarbeid med styrar, dei andre tilsette og foreldra - lagar ho tema/emneplan for barnehageåret.

Ped.leiar lagar til vanleg månadsbrev til foreldra med oversikt over det ein vil drive med i den komande månaden + litt tilbakemelding om korleis det har gått, og event. spesielle ting dei har vore med på i forrige månad.

Førskulelærar (*Iren Vestheim Johansen* og konstituert førskulelærar *Veslava Romanovskaja*) samarbeider ekstra tett med pedagogisk leiar, og deler på nokre av dei oppgåvene ped.leiar har ansvar for.

Fagarbeidarar (*Marit Tvedt Ervik, Ingrid Rikstad og Sissel Soltveit*) har saman med den pedagogiske leiaren og førskulelærarane ansvaret for «dagleglivet» i barnehagen.

Lokal - og kommunal årsplan.

Når Austebrygd barnehage sin tema-/emneplanen for 15/16 er klar, vil alle foreldra få denne planen utdelt. Heile **den lokale årsplanen** m/temaplan vert også lagt ut på heimesidene. **Nye foreldre** vil få den lokale årsplanen i papirutgåve (og event. andre som ber om det.)

Når ny sentral Rammeplan for barnehagane er klar, vil det også verta laga ein heilt ny kommunal årsplan, felles for alle dei fire barnehagane i Radøy.

Møte/samarbeid

Styrar/inspektør og ped.leiar samarbeider og informerer kvarandre om praktiske og pedagogiske saker vedrørande barnehagedrifta.
Ca. ein gong pr. månad har alle dei barnehagetilsette eit felles avdelingsmøte der ulike aktuelle saker vert tatt opp.
Felles administrasjon skule/barnehage gjer at me m.a kan tilretteleggja bruken av ulike rom, særskilt kjøkken og gym.sal, slik at det passar inn i barnehagen sin rytme. Me vektlegg også å få til ein del felles aktivitetar i skulen/barnehagen. (Sjå meir om dette lenger nede på sida.)

Opningstid

Ordinær opningstid i barnehagen er **kl. 07.30 – 16.30**.
Ved skriftleg påmelding kan foreldra **gjera avtale** med styrar om tidlegare oppstart for barnet sitt (ml. 07.00 -07.30). *Maks oppholdstid i barnehagen er alltid 9 timer pr. dag.*

Samarbeid med skulefritidsordninga.

SFO - tilbodet om morgonen vert organisert i samarbeid med barnehagen, og dei barna som skal på morgon-SFO, møter difor alltid opp i barnehagen.
Også om ettermiddagen, er det samarbeid mellom SFO og barnehagen, frå kl. 15.30.

Felles arrangement mellom skulen og barnehagen.

Ein fredag i månaden har skulen og barnehagen felles månadssamling i gymsalen, der elevane i ein av klassane har program og resten av elevane + barnehagen er publikum.

Måndagane før jul har me adventssamlingar, og ein av desse adventssamlingane har barnehagen ansvar for.

Elles har me skule/barnehage-frukost (lunsj), juleavslutning, julegudsteneste, påskekafè og sommarfest i lag.

Siste skuletime annakvar fredag, får ei gruppe barnehagebarn vera på skulen og leika i lag med elevar på småskuletrinnet.

Elevar frå mellomtrinnet (5.-6. årstrinn) skal gjennom skuleåret vera i lag med barnehageborna ca. annakvar veke. Dei vil då lesa for barnehagebarna.

Å leika i lag, og vera i gym.salen - kan også vera aktuelt.

Førskulegruppa i barnehagen har eit samarbeid med 6. årstrinn på skulen – som ein del av skuleførebuinga si. Dette startar me opp med ved påsketider.

Kontaktlærane på mellomtrinnet - og elevane - vil i lag med pedagogisk leiar laga planar for dette.

Torunn Tolleshaug Hovden
styrar